

Bokn Bygdablad

Nr. 9 november 2012 – Årg. 27



Magisk – s. 5



Bokn Maritime Senter – s. 3



Beste arrangør – s. 7



Boknarevyen 2012 – s. 8



www.bygdabladet.no

KJEKT PÅ **BOKN**



RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Aktiv haust

Me nærmar oss jul og har snart lagt bak oss ein mørk og særst vår haust – med mange lyspunkt! Særleg har lag- og organisasjonar og det offentlege gjort sitt med sine ulike arrangement. Kulturkalenderen i haust har sjeldan vore så innhaldsrik:

demokratiske aktørar. I små bygdesamfunn som representerar dei alle eit vesentleg bidrag til kvar bognars livskvalitet.

Eg set stor pris på denne aktiviteten som er ein føresetnad for eit levande, rikt og mangfaldig lokalsamfunn. Det er viktig for omdømmet til bygda og vil vera ein viktig faktor ikkje bare for å auka tilflyttinga til kommunen, men

lag- og organisasjonar kan leiga.

Tradisjonane med dugnad og deltaking gjennomsyrrar lokalsamfunnet vårt. Ein sterk frivillig sektor har vore med på å forma samfunnet vårt slik det er i dag gjennom rolla som pådrivar. Nokre har meint at utviklinga av velferdsamfunnet ville bidra til å redusera den frivillige innsatsen, og at me ville mista viktige verdiar i samfunnet om det



Boknakoret m/solist, musikarar og dirigent Anne Tove Øvrebø framfører "En Sång Om Frihet" under TV-aksjonskvelden i Auditoriet 19. Oktober. Meir om dette arrangementet i neste blad - redaktøren.

Foto: Ina V. Tangen

Fyrst 1. september med «Bokn Opp», bygda fyrste sykkelritt og med toppen av Boknafjellet som mål. Deretter fylgde arrangementa på rekke og rad: NM i Trial, TV-aksjonsaftan, bLEST, kulturkveld på bedehuset, revy, ungdomskonferanse, "Ingen Grenser" – tur til Vardafjellet, Vamp-konsert og julekonsert, bare for å nemna nokre. Og elles har det blitt gjennomført både bingo, basar, kino, julemarknad og generell møteverksemd i lag- og organisasjonar.

Gjennom desse aktivitetane viser lag- og organisasjonslivet i Bokn fram breidda i aktiviteten og er med og skapa fellesskap og samhold i bygda. Samstundes blir det formidla kunnskap og læring, noko som er med og styrkar dei frivillige si rolle som viktige

også ein særst positiv faktor for å styrka den generelle trivselen og med det folkehelsa.

Bokn har ein lang tradisjon og føresetnad for å støtta opp om lag- og organisasjonslivet i bygda. I ein liten kommune som vår er det kort veg mellom dei styrande prosessane og organisasjonane. Det er ein naturleg og tett kontakt, og i kommunen har ein framifrå oversikt over aktiviteten i organisasjonane. I mange år har ein hatt ein langsiktig strategi for å støtta opp om det frivillige lag- og organisasjonslivet her. I møte 4. desember fordelte difor formannskapet etter søknad 150.000 kroner til 13 ulike lag- og organisasjonar i bygda. I tillegg kjøpte Bokn kommune inn ein minibuss for eit par år sidan som

offentlege tok over ansvaret på viktige velferdsområde. Slik har det ikkje blitt. Engasjementet er framleis sterkt, men det har funne nye vegar. Før gjekk ein med i frivillig arbeid fordi ein måtte, nå bidrar ein fordi ein vil.

Å høyra til små og store fellesskap er viktig for å leva det gode liv. Bokn kommune vil difor halda fram arbeidet med å leggja tilhøva best mogleg til rette for lag- og organisasjonslivet, og alle dei som elles ynskjer å engasjera seg i ulike frivillige aktivitetar framover.

Ordføraren

Informasjon frå Bokn Maritime Senter:

50 båter på land ved Bokn Maritime Senter!

På den korte tiden Bokn Maritime Senter har eksistert, har vi blitt godt besøkt og denne uken teller vi hele 50 båter på vårt område ved Knarholmen på Bokn. Båtene er løftet opp med distriktets største mobile båtkrane fra senterets nye sjøanlegg.

De 50 båtene på land ved Bokn Maritime Senter ligger i vinteropplag, enten inne i temperert hall eller ute på plassen. I tillegg har vi flere store og små båter til service, vedlikehold, lakking og reparasjon. I den senere tid har vi hatt stadig flere arbeidsoppgaver også på yrkesbåter. For yrkesbåtene er tid penger og derfor er vårt moderne anlegg midt i blinken for denne type servicevirksomhet.

Med kapasitet opp til 70 tonn kan vi ta i mot både små og relativt store båter fra den private og profesjonelle flåten. Det er mange som er positive til beliggenheten og vi opplever jevnt over god etterspørsel på våre tjenester fra både nord- og sør-fylket. Det er også gledelig at lokalbefolkningen på Bokn benytter oss i stor grad. Fra april i år har mer enn 100 båter vært oppe fra sjøen for våre maritime tjenester. I tillegg kommer de som nå er tatt opp for vinterlagring.

Gjennom Nordvegen Marine Services AS tilbyr Petter Haavik service, reparasjon og vedlikehold av alle typer båter. Vi har et eget vann- og sandblåsningsanlegg som effektivt fjerner bunnstoff og har bygget vestlandets største lakkeringshall på hele 500 m2 med plass til båter over 24 meters lengde, samt en egen reparasjonshall for motor og framdriftssystemer.

- Vi har kanskje plass til noen mindre båter innimellom de store båtene inne i hallen, men ellers er vi svært fornøyd med å få fullt

opp innelagringen såpass tidlig i vår første sesong, fortsetter Petter Haavik.



Petter Haavik

Senteret bygger opp stadig mer kompetanse innen sine tjenester. I den anledning har også produsenten av Barracuda båtene flyttet fra Skjold til det nye maritime senteret på Bokn. Produsenten Dancer Holding AS har produsert båter i mer enn 20 år og denne kompetansen er nå gått inn i tilbudet av tjenester.

Helge Haga, båtprodusent og mannen bak Barracudabåtene, vil også gjennom selskapet Boat and Vessel Control Bokn AS utarbeide kvalitetssikringssystemer basert på ISO 9001-standard rettet mot kontrollordningen av fiskebåter fra 10,67 til 15 meter. - Vi håper å kunne komme i mål med dette snart og bli godkjent som kontrollforetak, sier Helge Haga.

Haga forteller videre at målsettingen framover er å tilby stor kompetanse innenfor de maritime tjenester. Vedlikehold og reparasjon av båt, krever kompetanse og erfaring innenfor flere felt. Den kompetansen bygger vi opp nå i stadig større grad.



Helge Haga

Med 50 båter på land for vinterlagring, har Bokn Maritime Senter nådd en spennende milepæl for prosjektet som fortsatt er i sin spede begynnelse. Vi gleder oss veldig til fortsettelsen!




Tatt opp som inkubatorbedrift

Jardar Havikbotn

Bunndata AS, boknabedriften som kartlegg bunnforhold og gir detaljert digital informasjon til kunder, blei i haust tatt opp som inkubatorbedrift av Ipark (Innovasjonspark Stavanger).

Til saman blei det tatt opp 17 bedrifter i inkubatorane til Ipark, fordelt innfor Mat og natur, Kunst som levebrød, FoU og distribuert inkubator på Haugalandet.

For å bli en del av ein inkubator må idéen eller verksemda tilfredsstillast ein del krav. Det må være ein innovativ (fornyande) ide, eit nytt konsept, produkt, ein ny måte å entra markedet,



ny type teneste eller ein ny produksjonsmetode.

Det må vera potensial for betydeleg vekst i Norge og internasjonalt (kravet er fem millionar i omsetning eller fem

tilsette innan fem år), og økonomisk forståing og realistiske planar for utvikling av konseptet.

Bokn Bygdablad gratulerer!

Arbeidet med ny Alvestadkroken-bru er i gong

Kyrre Lindanger

Gamle Alvestadkroken-bru blei fjerna natt til 21. november, og innebar at E39 frå krysset på Austre Bokn til Arsvågen blei stengd.

I tillegg blei to ferjeavgangar i Arsvågen-Mortavika-sambandet innstilt. Sjølv rivingsarbeidet skulle etter planen vera gjennomført innan kl. 0500, men utover føremiddagen var det framleis noko kø i området.

Anleggsmaskin med kraftig klo reiv ned betong og armeringsjern, og nedfallet blei kjørt vekk med lastebil. Arbeidet blei utført av Stangeland Maskin AS, mens Mesta er entreprenør for prosjektet. Arbeidet med å bygge ny bru starta umiddelbart, og prosjektet skal vera ferdigstilt innan 21. des.

Ei kraftig sakseklo blei brukt for å fjerna Alvestadkroken-bru.



Slik såg det ut 29. november.



Magisk VAMP-konsert!

Kjetil Hamre

Gymsalen var fullstappet av 200 sjeler som hadde trosset høsten og søkt inn i varmen. Så stor konsert er ikke hverdagskost her ute, og dette ville tydeligvis mange ha med seg.

Det er den nettopp startede og pågående norgesturneen som ser ut til å bli en stor suksess allerede før den har satt seg, som ble presentert Bokn. Ut fra responsen til publikum ser det ut til å bli en eneste lang seiersfest for VAMP-gutta nok en gang. Albumet "Liten Fuggel" ser også ut til å bli deres største salgssuksess på lange tider. Over 100 000 eksemplarer har den allerede solgt, og singelen med samme navn kryper oppover VG-lista.

Sprudlet

Vi kom inn i varmen og varmere skulle det bli. VAMP leverte en vare som var bedre og lunere enn varme hvitebol-ler, og publikum satte virkelig pris på den varme baksten. Det virket også som om VAMP strørtrivdes på gymssa-lens lille scene, og nærmest sprudlet gjennom hele konserten. Det gikk fra suggerende trommer til vår sang og rolige akkompagnementer.

Det som imponerte meg mest var den samkjørte og rolige tonen alle hadde på scenen. Alle ble fremhevet uten at det ble påtrengende. Det var et samarbeidene band som fikk vise sine varierte og dyktige musikkferdigheter. Eivør Palsdottir og Odin Staveland var rett og slett store tilvekster som VAMP får mye glede av fremover.

Ypperlig håndtverk

Boknaren er høflig og reiste seg og ga stående applaus etter den ordinære konserten var ferdig, men ennå ga ikke VAMP seg. Ekstranumrene kom, "Tir N'a Noir" og, som de startet med; "Liten Fuggel". Kvelden var fullendt og jeg hørte bare godord fra de jeg snakket med etter konserten.

Jeg kan bare håpe at VAMP selv hadde en like flott opplevelse som vi hadde. La oss håpe de kan komme tilbake med magien sin ved en senere anledning også. Tusen takk til alle aktører, både på scenen og de som ga oss den fine lyden og lysstemningen. Dette var håndtverk av ypperste klasse.



VAMP har nylig investert i nytt lysanlegg. Sammen med glimrende musikalske prestasjoner og fabelaktig lyd ble det en magisk opplevelse for publikum. Fv. Carl Øyvind Apeland, Torstein Lofthus, Øyvind Staveland, Paul Hansen, Odin Staveland og Torbjørn Økland.



Multikunstner Odin Staveland og Eivør Palsdottir fra Færøyene er store tilvekster som VAMP får mye glede av fremover.



Det gnistrer av bandet. Øyvind Staveland, th. Kan smilende se at sønnen Odin og bassist Carl Øyvind Apeland koser seg på scenen.

Eg seie meg så

Birger Lindanger

Der skjeppa det seg

Også denne gongen var det eit uttrykk ingen kjende: "å skjeppa seg" som tyder våt material som vrir seg når han tørkar. Eit anna uttrykk som nokre sleit med, var å vera tylte. Som ein vil forstå, var det ingen som hadde alle rette denne gongen, og som den førre runden, var altså også denne ganske krevjande.

Forklaringane:

- | | |
|--------------------------|--|
| 1. å røsa seg | å grøssa seg, småfrysa |
| 2. å vera krimsjuk | å vera forkjølt |
| 3. å ta til palings | å ta av garde |
| 4. ei sjaska | ei ustelt, slarven |
| 5. å skjeppa seg | å vri seg (om våt material som tørkar) |
| 6. å skjeba seg | å pynta seg eller oppføra seg fint |
| 7. å klåra noko/nokon av | å skrella noko/å trøyta nokon ut |
| 8. å skora av | å støyta opp noko, t.d. ein båt |
| 9. å vera tylte | å vera ustø |
| 10. eit vonakast | eit prøvekast, kasta på slump |

Resultatlista denne gongen:

Andor Borgenvik	9 poeng
Dagsenterdamene	9 poeng
Audhild Svensen Alvestad	6 poeng

MÅNADENS UTTRYKK

Kva betyr...

1. å kreglas
2. bombom
3. å få skjelten
4. ei dronsa
5. å hamsa noko
6. å knelugga
7. å leggja ein ogje
8. ei måsahumla
9. å dalga
10. å rå or

Forslag til forklaringar kan leverast Bokn Bygdablad **innan 16. desember**. Skriv då ned nr. med forklaringa bak.

Du kan senda inn på fleire måtar:

MAIL post@bygdabladet.no

SMS 98 22 15 08

BREV Bokn Bygdablad
Boknatun
5561 Bokn

Helge Laupland er framleis med oss med gode innspel. Samstundes er me sikre på at ein heilt sikre på at mange sit og brenn inne med framifrå boknauttrykk som framleis ikkje har sett dagens lys. Det er eit viktig ansvar og ein skatt for framtida at komande generasjonar får tilgang til mangfaldet i boknamålet.



Å vera krimsjuk betyr altså ikkje å ha forlest seg på kriminalromanar!

Birger Lindanger

Gulløksa 2012

Jardar Havikbotn

Pluggen MK mottok Gulløksa for beste Triallop i 2012. Klubben mottok Gulløksa på Motorsportkonferansen på Gardemoen. Meir info i trialavisa.no.

Bokn Bygdablad gratulerer!

Her er grunngjevinga frå juryen på kvifor Pluggen Motorklubb blei beste arrangør i 2012:

Arrangøren hadde tatt tilbakemeldinger fra tidligere arrangement til etterretning og gjennomførte arrangementet uten anmerkninger.

Forberedelse av stevnet startet på et tidlig tidspunkt og de fleste tillatelser og forberedelser var klar og presentert for juryen 10 måneder før selve stevnet, så her var ikke noe overlagt til tilfeldighetene, juryen ble kontaktet av pressen allerede i Januar måned for å gi kommentar på hvordan et så stort arrangement kunne avvikles på et sted med så få innbyggere som her ble gjennomført, så de var også trukket inn i stevnet på et meget tidlig tidspunkt, slik at en fikk sendetid både med forhåndstaler, og under selve arrangementet både av lokalpressen og NRK.

For å gjennomføre et arrangementet av en slik størrelse hadde arrangøren fått med 20 % av befolkningen på ste-



På bildet mottar fv. Artur Trosnavåg og Atle Jøsang Gulløksa 2012.

Foto: Roald Stenvik, Vaulali trialklubb

det til enten å delta i forberedelser eller dugnadsarbeid under selve stevnet, det må også legges vekt på åpning av ordfører og presentasjon av førere og lagledere som satte en verdig ramme rundt stevnet, Kiosk og depo og alle andre fasiliteter bar også preg av NM status, seksjoner var også meget godt forberedt, der det var tatt varslede føre og værforhold i betraktning, slik

at stevnet kunne gjennomføres under værforhold som ikke var på arrangørens side.

På bakgrunn av dette har juryen med et stort antall innspill og tilbakemeldinger fra deltakere og andre klubber sett at NM Lag arrangert av Bokn Pluggen Trial må bli kåret til årets arrangør for beste trialstevne i 2012.

Stort møte for Lene!

Jardar Havikbotn

Etter VAMP-konserten på skulen 18. november fekk Lene Vatnaland (10) eit 20-minuttars møte med Øyvind og Odin Staveland ho seint vil gløyma.

Lene er ikkje berre ein vanleg fan av den populære gruppa, slik som mange andre er. Ho er nemlig firmenning til sjefen sjølv, Øyvind Staveland. Oldefar til Lene, Jens Vatnaland, var halvbror til Lena Tjøsheim, oldemor til Øyvind. Bestefar Leif er syskenbarn til Øyvinds mormor, Elise T. Amdal, og pappa Jens Morten er tremenning til Audhild Staveland, mor til Øyvind.

Lene hadde sommarfuglar i magen og kunne knaps sitte stille under konserten. Ho fekk nemlig veta rett før at ho skulle få møta Øyvind og Odin etterpå. Dei snakka om laust og fast, m.a. om slekt og Lene sine fritidsaktivitetar. Haugesund-rane likte sjølvstyggt godt at Lene spelar i korps og syng i kor.

Lena Tjøsheim er fødd på Vatnaland, og har ligge i ei vogge som frameis står i huset. Anne E. Askeland skreiv eit dikt om dette, som ho las på scenen før konserten.

Bilde: Fv. Øyvind Staveland, Lene Vatnaland og Odin Staveland.

Foto: Aud Leidy Gaupås



Bokn, mest usynleg i ei verd så vid og stor
Men sjå; vogga til DI oldemor
Ei lita Lena i denne låg
Og forundra opp på mor si ho såg:
Ein draum om eit oldebarn
Med ei røyst som mjukaste, venaste gadn
Ja, rett vi trur ho drøymde mest
At på Bokn skal han Øyvind laga fest...
1880 i vogga står;
Takk Øyvind – for at du og VAMP vitjar Bokn dette tjuandetolvtte år...

AEA

Boknarevyen 2012

Jardar Havikbotn

Bildealbum
frå revyen på
bokn.no

"Unntatt offentligheten!!!" var eit sterkt lyspunkt i haustmørket.

bygda i imponerende bra tempo, bunde saman med korte og effektive

May Jorunn Vatnaland. Under arbeidet med førestillinga kom tittelen "Unntatt



Her er dei fleste av aktørane på Boknarevyen 2012 samla på scenen.

17 skodespelarar, seks stk. på rigg, rydd, lyd, lys, film og makeup, orkes- teret "Old Habits" og revyansvarleg/ koreograf Gro Sørensen kan vera svært godt nøgde med framsyningane 10. og 11. november. 180 stk. var på premiera, med påfølgande dans, og det blir meldt om gapskratt og god stemning.

"black out"-sceneskiftingar. Her var det god variasjon i korleis tekstane og budskapet blei formidla, og publikum måtte skjerpa både øyre og auge for å få meg seg alle inntrykka undervegs. God lyd sørga for at alle tilhøyrarane kunne gjera dette.

Offentligheten" fram, men var mest meint for å narra folk til å tru at det skulle handla mykje om kommune og politikk. Det gjorde det ikkje, i alle fall ikkje slik mange kanskje hadde forventningar om då dei såg revytittelen. Overraskingar likar me.



Årets revy begynte allerede før publi- kum hadde sett seg. Her er fv. Torunn Skjelde og Berit Merete Øvrebø i bil- lettbus medan Silje Aksdal, Harald Øvrebø og Kaj Arne Christiansen i bak- grunnen er klare til å visa veg.

Underteikna var på sundagsføre- stillinga, då var det 187 betalande. Bokn revylag hadde laga ein god "gammaldags» bygdarevy, etter kjent oppskrift. I løpet av 80 minutt kom det songar, dans og sketsjar om livet i



Fv. Arild Ognøy, Tormod Våga, Hanne Marte Vatnaland og Olav Rossebø i Ars"hole".

Innhaldet

- Me hadde ikkje nokon spesiell raud tråd i "Unntatt offentligheten", fortel revyentusiast Gro Sørensen, som tidle- gare har vore revyansvarleg i Sjonar- revyen i ei årrekke. Idéen til det heile fekk ho saman med Silje Aksdal og

Ferja

Det nærmaste ein kom raud tråd var skravlande vaskedamer blant publi- kum, eller ferja på Are. For då publi- kum kom i ytterdøra på skulen, blei dei møtt av (p)billettbua i Arsvågen, før dei blei vinka inn i to felt - til to stolfelt

i gymsalen. Fiffig påfunn! Revyen var begynt før folk hadde sett seg. Ferjevinkemannen heldt det gåande heilt opp på scenen, og fekk også ein eigen song. Det første sceneinnslaget var i gong. Tilhøyrarane blei ønska velkommen om bord, og jammen kom ikkje ei ferjevertinne også, og me fekk tryggleiksrutiner for tunghøyrt. Yrkessjåførane om bord snakka om felles traktorirritasjon, og var samde om grunnen til at brua i Alvestadkroken var blitt slik ho var blitt. Ho var jo alltid i vegen då dei skulle hytta neven til traktorsjåførane...

Mykje lått og løye

Menn med sykkel-dilla hadde fått sin eigen song, det same hadde bilklubben. Parodi på Kjell Frode Lie med "tilbodsoverflod" skapte mykje latter. Bygdesladder-sketsj over ein kaffikopp hadde det også blitt plass til. (Problem) kikkertane på dei høgaste fjelltoppane i kommunen blei tatt opp, og også brukt til det eine og det andre, m.a. til å sjå i ordføraren sitt "glasshus". Unge og effektive bønder på Austre Bokn blei hylla i songen "Bonden".

Den kreative revyngjengen har sjølv sagt ikkje unngått Boknafjellet sitt unike utsiktspunkt for blinde. Stokka Turlag (med blind sjåfør) tok sjølv sagt ferja over fjorden på jakt etter den berømte tavla. Ein fornøyeleg video fekk me sjå. Me fekk også høyra ein song om Nedrebø Maskin & Transport før Rogfast blei omtalt i sketsjen Ars"hole" - med m.a. tidlegare leiar av Bokn reiselivslag, Sigmund Alvestad i spissen. Folk på venterommet til lege og tannlege snakka om alt frå turnuskandidatar på legekontoret til bokluka på biblioteket.

Før avslutningssongen blei det fokus på kommunale aktivitetar. Først var det holkehelsekoordinatoren med trimgruppa si som ikkje slapp unna, og det



Fv. Berit Merete Øvrebø, Silje Aksdal, Mona Våga og John Øvrebø på venterommet.



Fv. Arild Ognøy, Torunn Skjelde, Mona Våga, May Jorunn Vatnaland og Malin Taraldlien viser publikum korleis Torsdagstrimmen skal utførast.

blei vist nok ein video, denne gong var det Grand Prix i sansehagen ved Boknatun, og rullatorane var flittig i bruk. Så flytta dei aktiviteten inn i gymsalen, og publikum fekk ein leksjon i korleis Torsdagstrimmen skulle utførast. Me fekk eit skråblikk på avviklinga av eit kommunestyremøte, og til slutt miljøet i Servicetorget. Mykje lått og løye.

Gode prestasjonar

Dei alle fleste aktørane verka veldig trygge på scenen, og mange klarte å slå seg laus og verkeleg eksponera seg sjølv, med innleving, mimikk, sceneutstråling, smittande speglede og gode songprestasjonar. Slikt blir det bra revy av, og publikum kan sitte og smila i nesten ein og ein halv time, og av og til lira ut av seg nokre latterkuler.

I ei rekke på fem boknarevyar sidan 1991, var dette den med flest parodiar av sambygdingar, og det er viktig at ikkje dette blir gjort på ein spottande måte. Her har Bokn revylag full kontroll, går ikkje over streken, og gjennomfører dette med tanke på at det skal vera ei ære å bli parodierte. Sjølv seier revyngjengen at *alt blir tatt opp med ein positiv undertone då folk er stolte over å vera ein del av boknasamfunnet*.

Dei aller fleste av revyaktørane har vore med på tekstsida, med Olav Rossebø i spissen. Malcolm og Santiago hadde også god kontroll på lyd, lys og video.

I januar 2013 skal revylaget ha evalueringsmøte. La oss håpa at dei i same møte startar på neste boknarevy, slik at det ikkje går ni år til neste gong.



Gratulerer!



Jarl Kro Medhaug - 4 år, 13. Nov.

Me vil gratulera go'gutten våres med fire-årsdagen!

Stor klem frå Tonje, Roar, mamma og pappa.



Martine Hesthammer - 9 år, 26.11

Gratulere med niårsdagen!

Stor klem fra mormor og besten.



Eskil Bokneberg - 8 år, 15. november.

Gratulera med dagen te den beste gutten eg har<3


Kos&klem frå Celina, Julie og mamma.



Julie Kro Birkeland - 1år, 18. Nov.

Me vil gratulera go'jentå med ettårsdagen:) Me e kjempeglad i deg<3

Stor klem fra Elise, mamma og pappa.



Ingrid Kallevik - 18 år, 17. november.

Vil gratulere jenta vår, Ingrid Kallevik, med 18 års dagen den 17. nov. ;)

Klem fra Mamma, Knut Helge, Grethe, Kristina, Silje, Madelen, Cecilie og Rune.



Magnhild Are - 85 år, 29. november.

Gratulerer med dagen til vår kjære mamma, svigermor, bestemor og oldemor. Me er veldig glade i deg.

Stor klem fra hele familien din.



Gunn Grønnestad - 60 år, 23. Nov.

Hurra!
Gratulerer så masse med dagen til vår snille, gode og flotte mamma, svigermor og bestemor! Vi er så glad i deg.

Klem fra gjengen i Thailand.



Elise Kro Birkeland - 6 år, 4. Des.

Me vil gratulere verdens beste storesøster med seksårsdagen:)
Me e kjempeglad i deg<3

Stor klem fra Julie, mamma og pappa.

Plastring i Hålandssjøen

Kyrre Lindanger

Arbeidet med å sikra den kommunale moloen i Hålandssjøen starta opp i veke 46. I løpet av adventstida skal entreprenør Odd Grønnestad mellom anna plastra utsida av moloen. Steinen som blir brukt til dette arbeidet er henta frå mellom anna Trosnavåg og blei deponert i området i samband med oppføring av Grieg Seafood sitt nye anlegg.

I tillegg skal det murast opp brystvern mot aust og planerast på toppen av moloen. Det skal i tillegg hentast opp ein del steinmasse på innsida av moloen for å gjera hamna noko djupare. Viss været tillet det, håpar ein at arbeidet kan ferdigstillast innan årsskiftet.

Etter dette skal det lagast plan for opparbeiding av landområda, bruken



Odd Grønnestad står for plastringsarbeidet i Hålandssjøen.

av båthamna i sjø, og tilrettelegging for parkering og fellesnaust med bo-der. Det vil også bli inngått avtale med

Bokn Båtforening om langtidsleiga der båtforeninga skal administrera vidare utleige.

"af skøbelighed och eenfoldighed"

Tragedien om Jon og Ingeborg på Laupland

Birger Lindanger

I 1690 kjøpte den 36-årige strandbuen Jon Grødeim heile Laupland. Han var ein driftig og godt likt kar som med åra også kjøpte Økland og Trælhaug. Dessutan åtte han i seks gardar kring i Ryfylke, nokre i lag med broren Ingebret som gifta seg til Are. Saman med tri andre boknarar segla han kring på Vestlandskysten med ulike varer for sal og var vel kjend både i Bergen og Stavanger.

Nå hadde det seg slik at svigerinna hans busette seg på Alsvik i Strand. Der hadde nemleg sonen Per fått gard. Per fekk i 1682 dottera Ingeborg. Men våren 1695 døydde både Per og kona i den store blodsottepidemien den våren. Slik gjekk det til at tolvårige Ingeborg brått blei foreldrelaus. Jon og kona tykte då synd på barnet og tok vesle Ingeborg til seg på Laupland.

Enfoldig og urolig i hodet

Ingeborg voks opp, men hadde stundom vanskar med seg sjølv, ho var *urolig i hodet* som dei kalla det. Ho var dessutan temmeleg naiv og enkel – *meget enfoldig* sa dei. Men som fosterfaren blei ho rekna som tvers gjennom snill og ei som det ikkje fanst vondt i. Kring 1720 døydde kona til Jon. Ingeborg var då 38 år gammal, men budde framleis heime hjå fosterforeldra som ikkje hadde andre born. Etter at fosterмора var borte, var det difor Ingeborg som gjekk inn i rolla hennar. Etter eit par år gjekk det som det kanskje måtte, Ingeborg blei på veg og Jon var faren.

Ingeborg tenkte på dette *af skøbelighed och eenfoldighed* som ein naturleg ting og rekna med at kongen såg i nåde til dei to og gav dei løyve til ekteskap om enn barnet var avla i synd. Men Jon forsto alvorlet, og han drøfta saka med broren, Ingebret Are, kva han skulle gjera som far til barnet som blei stadig meir synleg på Ingeborg. Kven andre kunne det elles vera?

Brennevinet på loftet

Sjølv om forholdet var kjent i nabolaget, var det ingen som fann på å gå til styresmaktene med det. Men Jon gjekk og gruvla og visste med seg sjølv kva som uunngåeleg ville koma. Ein dag forsvann Jon for Ingeborg. Same kva ho ropa, svara han ikkje. Ho leita over alt, og kom til sist til det nordre kammeret på loftet. Opp mot glaset her sto det nemleg reist ein stige.

Der fann ho Jon i djup svevn ved sida av eit mest tomt anker – ei lita tønne som romma kring 40 liter – der det framleis var ein god slump brennevin.



Røykstova på Laupland meiner ein er frå sist på 1500-talet. Ho var altså alt over hundre år gammal då Jon og Ingeborg budde her. Men ut frå omtalen var det truleg i ei anna hus i tunet at Jon gjorde ende på seg. Bak skimtar med den gamle kårstova. Ho blei truleg reist av etterfylgjaren på garden.

Ho greidde ikkje å vekka han same koss ho bala, og sprang til sist til Trælhaug etter hjelp. Men same kva dei gjorde, så rådde han ikkje or. Etter ti timer drog han så sin siste pust medan Ingeborg græt og bar seg. Han hadde drukke seg i hel på brennevin! Same dag gav presten ordre om å plassera liket i beinhuset ved boknakyrkja.

Uten angest eller frøgt

Så kom då både lensmann og prest til gards til det som kunne vera eit sjølv-mord. Og også for sjølv-mord var det dødsstraff mellom anna ved at den som hadde gjort ende på seg, mista heile formuen si til kongen. Med styresmaktene på garden, var det ikkje til å unngå at dei fekk med seg koss det var fatt med Ingeborg. Og i fortvilninga over at Jon var borte, fortalde ho utan *angest eller frøgt* at ho og Jon venta barn i lag.

Ein gammaltestamentleg dom

For lensmannen og futen var det klart at dette var ei alvorleg sak, og den 15. september 1723 blei ho teken med til ekstraretten i Kopervik. Der fortalde ho viljug vekk om koss ho og Jon hadde vore i lag. Men her venta det henne inga nåde. Domsmennene trekte seg tilbake i lag med skrivaren, og snart kunne dommen forkynnast. Både etter Kongens og Guds lov meinte dei at ho hadde forbrote livet. Såleis viste sorensskrivaren til 3. Mosebok, 18. kapittel, 13. – 15. vers: *Din mors søster skal du ikke ha omgang med; for hun er din mors nære slekt. Din farbrors leie skal du ikke vanære, hans hustru skal du ikke komme for nær; hun er din fars søster. Din sønnkone skal du ikke ha omgang med; hun er din sønns hustru, du skal ikke ha omgang med henne.* Dinest viste dei til kapittel 20, vers 19: *Din mors eller din fars søster skal du ikke ha omgang med, for den som gjør dette, vanærer*

sin nærmeste slekt; de skal lide for sin misgjerning.

Så kunne enden bare bli ein, etter at barnet var født skulle hovudet til Ingeborg skiljast frå kroppen med øks. Hadde ikkje dauden kome, var det den same dommen for han. Dessutan skulle alt dei åtte tilfalla kongen.

Ein gøymd sylvskatt på Laupland?

Det viste seg sidan at det ikkje var så enkelt for kongen å få fatt i eigendelane etter Jon. For Ingeborg åtte snauvt nok kleda ho gjekk i og ikkje fall det noka arv til henne. Grannane Ola og Ådne Vatnaland og Gunnar Trælhaug og Hans Grønnestad blei kalla ut til å ta seg av og sikra buet etter Jon. Det vanlege var at det skulle seljast på auksjon. Pengar som skulle så finansiera rettssaka og medan overskotet – som ein her rekna med ville bli stort – skulle gå til kongen. Jon hadde jo vore ein velstående kar.

Problemet var at store delar av verdiane i buet bare forsvann. Futen var rasande og gjekk hardt på dei som hadde hatt ansvaret for buet. Alt i mars 1724 sikta han dei for å ha gøymt unna godset. Men han kom ingen veg, heller ikkje då han tok saka opp på skipreidetinget i juli same året. Det einaste han fekk ut av saka, var at kvar av dei måtte ut med to dalarar – som verdien av ei halv ku – i bot for å ikkje å ha passa godt nok på.

Til sist, på hausttinget 18. november, las futen høgt opp for tinglyden om nokon visste kvar det var blitt av godset etter Jon Laupland. Men ingen kunne svara. Det me veit, var at Jon visste vel kva som ville skje med formuen etter at han var borte. Det er difor mykje moglege at han gøymte pengar og sylv før han drakk seg i hel. Kanskje ligg det på Laupland ein stad ein skatt – noko liknande den mykje eldre sylvskatten dei fann ved Sunnlandsstraumen?



Sylvskatten som i 1923 blei funnen ved Sunnlandsstraumen. Han blei truleg gøymd for tusen år sidan, ved dei tider Erling Skjalgsson fekk kløyvd skallen innanfor Are.

Grenselaus tur til Vardafjellet

Kyrre Lindanger

Søndag den 18. november kom med eit hausta vår, med regn-byer og utrygge utsikter. Det hindra ikkje eit halvt hundre 50 barn og vaksne frå å samlast ved bedehuset på Austre Bokn klar til søndagstur opp på det 188 meter Vardafjellet.

Utrusta med kvar si vassflaske, la eit heilt lite 17. mai-tog i veg sørover Aksdal og starta oppstiginga frå sida til Austre Bokns høgaste fjell. I spissen gjekk Kjell Arne Bjelland og Geir Arne Hageland frå NRK-serien «Ingen grenser». Saman med Bokn KFUK-KFUM stod dei som arrangør av fjell-

turen. Begge hadde dagen før teke del i Ungdomskonferansen 2012 på Bokn skule. Nå ville dei bruke naturen som ramme for å dela erfaringane frå Lars Monsen-ekspedisjonen dei var med på i 2009.

På toppen av varden hadde speidarane plassert det norske flagget og ved sida eit provisorisk telt forankra med solide barduner i den heftige nordvesten. Teltet heldt stand, til glede for svoltne turdeltakarar som kunne nyte pølse i brød og nykokt kakao i le for vinden, og i ein infernalsk symfoni av blafrande PVC-presenning.

I området rundt varden var det lagt

opp til friluftsquiz, og Kjell Bjelland fortalte om korleis det er å bruke naturen med dei handikapa han har, og streka under glæda me alle kan ha av å driva friluftsak-tivitatar i kvardagen. TV-profilane begeist-ra med pågangsmo-tet sitt og brukte ef-fektivt timane på Bokn på å bygga ned grensene for kva opplevingar me kan finna på saman.

Eit halvt hundre sprekingar, små og store, nådde fram til varden på Vardafjellet.



Kjell Bjelland (t.v.) og Geir Arne Hageland frå NRK-serien "Ingen grenser" var ekspedisjonsleiarar i samband med søndagsturen til Vardafjellet.

KULTURKALENDEREN

Desember

- 06. Julevandring for femåringar i Bokn kyrkje kl. 17- 18.30
- 07. Kino i Auditoriet
- 09. Luciafest, arr. Bokn musikkorps
- 15. Juletresal på butikken
- 16. Gudsteneste kl. 11.00
- 16. Juletreffest på bedehuset kl. 15.00, arr. Bokn KFUK-KFUM spei-darar
- 15. Juletresal på butikken
- 24. Gudsteneste kl. 14.00
- 26. Gudsteneste kl. 11.00
- 28. Juletreffest på bedehuset kl. 18.00
- 31. Gudsteneste kl. 16.00

Oppdeling av avgifter

Svar til Reidar Alvestad sitt lesarinnlegg i førre blad:

I forbindelse med budsjettbehandlinga for 2013 vil det bli lagt fram forslag om endringar i betalingsrutinane for dei kommunale avgiftene.

Solrunn Alvestad
Økonomisjef

Bokn Sanitetsforening 75 år

Tekst: Reidun Grønnestad - foto: Jardar Havikbotn

Tirsdag 13. november feira Bokn Sanitetsforening 75 år. Vi hadde laga til fest for medlemmer og andre interesserte.

25.000 kr. Lederen i Bokn Sanitetsforening ble målløs, og er det enda. Hjertelig takk.

Så vil vi rette en stor takk til alle som har støtta oss i det arbeidet vi gjør.



Ordfører Kyrre Lindanger hilste fra kommunen. Rundt det nærmeste bordet ser vi fv. Inger Sønnøve Bokneberg, Ragnhild Laupland og Reidun Grønnestad fra Bokn Sanitetsforening, Fylkesleder i NKS Rogaland, Jorunn Fjellså og Adm. direktør ved Hauge-sund Sanitetsforenings revmatismesykehus as, Jan Birger Medhaug.

Tysværvalg Sanitetsforening var også invitert, og de kvitterte med en hilsen i form av boka "På by'n med Sofus" av Kristian Magnus Vikse.

Fylkesleder i NKS Rogaland, Jorunn Fjellså, hilste fra fylket, og orienterte litt om hva Saniteten gjør. Jan Birger Medhaug orienterte om utviklingen på Revmatismesjukehuset. Kyrre Lindanger kom med hilsen fra kommunen. Sparebank 1 SR-Bank Bokn v/ Bankrådet overrakte en sjekk på

Ida Havikbotn og Sylvia Vatnaland sang "Liten Fuggel" av VAMP. Sangkvartetten v/May Jorunn Vatnaland, Oddrun Nilssen, Elisabet Taraldlien og Daghild G. Alvestad underholdt med sang. De er alltid så villige når vi spør. Tusen takk.

Oddrun Nilssen fra Bankrådet overrakte en sjekk på 25.000 kr.



Bokn Bygdablad for 20 år sidan

FRÅ NR. 9 1992

BOKN HANDELSLAG 70 ÅR

Det er i år 70 år sidan Bokn handelsslag starta drifta.

I samband med dette vil dei markera jubileet.

I veke 47, 16. - 21. november vil handelsslaget selja ein del varer som i "gode gamle dagar".

Dei vil m.a. selja kandisukker, puffa havre, rosiner, nøtter, mandler m.m.

i laus vekt. Også kaffien skal malast og seljast i laus vekt som i gamle dagar.

Også ekspeditørane skal kle seg som i gamle dagar, og det skal stillast ut gjenstandar frå bygdemuseet med tilknytning til handel.

Laurdag den 21. vert det hestekjøring for ungane og trekkspelmusikk i butikken.

Lusepidemi på Bokn!

Henriette Lindanger

Helsesøster, apotek og legekontor anbefaler alle å gre håret regelmessig med lusekam i to, tre uker etter at man har tatt lusekur. Selv om man har tatt lusekur, er det ikke alltid lusa blir borte. Derfor er kamming veldig viktig når det er lus i nærmiljøet.

Denne høsten har det vært svært mange tilfeller av lus både i barnehagen og på skolen. Flere barn har fått lus i flere omganger og foreldre og ansatte er fortvilte over situasjonen. Skolehelsetjenesten påtar seg vanligvis ikke å undersøke barna, så det er foresatte som blir de beste bidragsyterne i bekjempelsen mot hodelus.

I følge folkehelseinstituttet er det mange familier som ikke tar problemet

med hodelus på alvor. Dersom folk med hodelus ikke får eller tar noen behandling/kur tjener de som et luse-reservoar.

Det er dessverre nok at ett ubehandlet barn i en vennekrete/barneflokk kan gi smitten tilbake til barn som har blitt ferdigbehandlet mot lus. Dermed er den onde sirkelen i gang.

Vennligst undersøk alle i husstanden dersom noen i nærmiljøet har fått lusedet er da viktig å undersøke håret til barna jevnlig.

Dersom det fortsetter å dukke opp tilfeller av hodelus, kan det bli nødvendig med en felles «lusesjekkdag».

Skolen og barnehagen vil da sammen med helsesøster komme frem til



hvordan dette skal foregå.

Juridisk førstelinjeteneste

Du kan få gratis juridisk hjelp i servicetorget på Bokn. Advokatfirmaet Vik Vestly AS gir advokattjenester, og dato for konsultasjon er:

12. Desember kl. 13.30 - 15.30.

Du kan få juridisk bistand max. 30 min. pr. konsultasjon uavhengig av inntekt og formue, og du kan nytte deg av ordninga fleire gonger pr. år.

Ordninga omfattar konsultasjon hos advokat der ein kan få rettleiing/råd om sivilrettslege spørsmål. Advokaten har inga tilknytning til kommunen.

Vil du nytta deg av ordninga – ring servicetorget sitt sentralbord på telefon nr. 52752500, eller send ein e-post til post@bokn.kommune.no

Bokn legekontor – åpningstider desember og januar

Desember 2012

Bokn legekontor held stengt fredag 28. desember. Dette inneber at siste vanlege opningsdag før jul er fredag 21. desember, og første vanlege opningsdag vert fredag 4. januar. For å kompensere for dette vil legekontoret ha ope onsdag 19. desember. **Vi ber difor alle som treng reseptfornyng, rutineblodprøvar osv i dette tidsrommet om å ta kontakt i god tid før den 21. desember.**

Ved behov for akutt legehjelp utanom opningstida, kveld, helg eller helgedagar kan du som tidlegare ringe Bokn Legevakt på 52 74 85 22. AMK på sjukehuset vil då handtere

henvendinga di på vanleg måte.

Ved behov for akutt legehjelp på dagtid 27. og 28. desember vil Hegren Legesenter i Aksdal vere tilgjengeleg for våre pasientar på vanleg måte.

Januar 2013

vil legekontoret vere stengt pga ferieavvikling i veke 3 og 4 – frå den 14. til den 25. januar. Telefonen vil vere open for timebestillingar etc på vanlege tider i dette tidsrommet, og som tidlegare kan ein då kontakte Hegren Legesenter ved akutt behov for lege på dagtid eller til Bokn Legevakt på vanleg måte.

Bokn & Tysvær begravelsesbyrå

John Magne Lie

909 24 964

Kjell Frode Lie

907 83 797

Utleie av minigraver 2500 kg

Pris døgn	kr. 1.000,- + mva
Pris veke	kr. 5.000,- + mva
Pris pusseskuffe	kr. 150,- + mva
3.500 kg hengar, døgn	kr. 400,- + mva

Kontaktpersoner:

John Magne Lie	909 24 964
Kjell Frode Lie	907 83 797

Juletesal 2012



Som tidlegare år får Bokn Røde Kors fine tre frå Liv og Osmund Lund på Sjernerøy. Det vil bli lagt ut liste på butikken for førehandstinging.

Førehandstinga tre kan bli leverte på døra, men det er fint om du tek ut treet dei dagane vi står på kaien. Vi vil selge trer i Føresvik laurdagane 15. og 22. desember.
kl 09.00-16.00 - **Pris: 350 kr**

Det vil bli lagt ut liste under julegrantenninga som ein kan skriva seg på.

Ein kan og tinga trer via tlf. eller epost :

Kjell Frode 90 78 37 97
kjellfrode75@hotmail.com



bLEST

Kjetil Hamre

bLEST i auditoriet på Bokn skule ble et flott samspill der det skrevne ord sto i sentrum. Bokn fikk vist fram litt av mangfoldet sitt i og med at tekstane som ble brukt fikk så variert klesdrakt på seg.

Boknakoret m/solister

Det hele ble startet av koret og Ida som framførte innsamlingsaksjons-sangen «Urett». De gjorde en glimrende tolking nok en gang. At Ida tok seg tid til dette var både flott og imponerende. Koret framførte så



Den lokale TV-aksjonslåten "Urett" har blitt mye framført i høst. Den passet også godt på dette arrangementet. Bak solist Ida Havikbotn syng fv. Maria Nilssen, Daghild G. Alvestad og Wenche L. Havikbotn frå Boknakoret.

Foto: Håvard Førland



Birger Lindanger fortalte om den kommende kulturhistorieboka for Bokn.

Foto: Kjetil Hamre

"Kongen på haugen" sammen med Kjetil Østebøvik. Dette er en sang som er skrevet til The Kvednabekkiers, men det klang fint i denne settinga også. Jeg takker koret og dirigent Anne Tove Øvrebø for at de kunne stille - og igjen delta for å vise en del av kulturlivet til Bokn.

Håvard Førland

Det var nå Håvard Førland sin tur til å ønske velkommen til bLEST på Bokn. Han syntes det virket spennende med det programmet som skulle vises, og var også glad for at Bokn kunne ta på seg et bLEST-arrangement på denne måten.

Deretter hadde han et tankevekkende kåseri, mer lavmælt enn jeg er vant til å høre Håvard, men med en verdighet som nok passet godt til den stunda han nå går igjennom. Takk skal du ha, Håvard. Både for at du stilte opp, men og for dei ordene du delte med oss.



Håvard Førland framførte et tankevekkende kåseri.

Foto: Jardar Havikbotn

Etter dette var lesing, sang og visning av bilder med undertegnede. Jeg hadde god hjelp av Ina som bildemester, og Jardar og Kjetil Ø. på sang-innslagene.

Nå ble det en liten velfortjent pause for aktører og publikum. Kaffe og smørbrød skulle sørge for krefter til ny økt i auditoriet.

Birger Lindanger fortalte om den nye sogeboka om Bokn. Her fikk vi en innføring i hvordan et slikt arbeid blir gjort og små anekdoter fra innholdet i boka. Det var interessant å få innblikk i gangen mot boka og anekdotene lovet godt for det kommende sluttresultatet. Takk for dette, Birger. Vi får slå oss sammen en annen gang slik at vi begge får bedre tid til fordyping i den litterære verden.

Sangtrioen og allsang

Til slutt var det sangtrioen med Oddrun Nilssen, Venevil Birkelund og Elisabet Taraldien. Det er litterære skikkelser i Bokn som fortjener å bli børstet støv av, og nå fikk Spurkeland-sangene "Færing og frieri", "Rekehans", "Eventyret om Bokn bru" og "'Gullhøna" en ny vår. Allsangen runget på refrene. Trekkspillkongen Daniel Thuestad var og med, og det passet svært bra siden han også deltok

når sangene ble spilt inn av NRK i sin tid.

Et verdig punktum på en innholdsrik kveld. For meg var det viktig å vise frem litt av det mangfoldet som kulturlivet på Bokn har. Det var også viktig å vise det spennet det skrevne ordet kan få. Her var vanlig tekstlesing, sangtekster fremført med vidt forskjellige aktører og bilder knyttet til tekst. Alt i alt en vellykket kveld som gjerne kan gjentas. Tusen takk til alle som var med og bidro til at bLEST ikke forsvant i vinden her ute i havgapet!



Fv. Jardar Havikbotn, Kjetil Østebøvik og Kjetil Hamre framfører songen "Sleipnerforliset".

Foto: Håvard Førland



Fv. Venevil Birkelund, Oddrun Nilssen og Elisabet Taraldien sørget for at de gamle sangene etter Jan Spurkeland lever videre.

Foto: Kjetil Hamre

bLEST er en litteraturfest i Tysvær, som har vokst seg stor siden starten i 2006 - nå også til Bokn. bLEST fokuserer på ulike typer bøker og tekster. I Bokn ble det lokal litteratur i ord, bilder og musikk.



Hytter/Leiligheter med båt og kai plass
Uke, måned eller årsmål
Ta kontakt med
Atle Jøsang - tlf. 900 72 369
Mail: atle.josang@griegseafood.com

Har du avlagde kler, sko og leiker?

Kunne du tenkje deg å gi dei til eit godt føremål?

Me har innsamling på Kyrkjebygd kulturhus, i Petra/Artep sine lokale, kvar onsdag kl. 16-20.

Du kan levere i berepose eller i bossekk, og alt må vere reint og heilt.

For at det skal kome fram til dei som treng det, ber me om kr. 10,- for ein berepose, og kr. 50,- for ein bossekk.

Vil du gjerne levere noko frå deg, men har ikkje moglegheit ein onsdag? Ring ein av oss, så kan me avtale ei anna tid og dag.

Innsamlinga er i samarbeid med THK-stiftinga på Karmøy - www.thk.no/

Annette Bokneberg (91 32 82 58) og
Elisabet Taraldlien (46 95 95 13)

KFL bil og utleige

Utleige av stillas	frå 500 kr. veka
Utvendig lakkrens av bil	frå 2500 kr.
Innvendig reingjering	frå 500 kr.
Skinnpole	frå 500 kr.
Desinfisering av klimaanlegg	500 kr.

Kjell Frode 907 83 797

John Magne 909 24 964

Epost: kjellfrode75@hotmail.com



**Har du noko arbeid du skulle ha gjort,
vedlikehald, vaktmeistertjenester m.m.**

Spør oss!

Tlf. 99 51 39 72 - 52 74 81 65



- **Salg og leveranse av singel og veigrus**
- **Skaffer også andre steinprodukter ved forespørsel**
- **Opplasting og bortkjøring av løsmasser**
- **Transport av maskiner og utstyr**

Telefon: 94 98 63 64

**coop
marked**

COOP MARKED BOKN

**coop
marked**

Mandag til fredag: 09.00 - 18.00

Lørdag: 09.00 - 16.00

Drivstoff hele døgnet - kortautomat

SAMMEN FÅR VI TING TIL Å SKJE !

Lokal verdiskaping er et hovedformål for oss i SpareBank1 SR-Bank. Vi skal være med å utvikle regionen og løfte frem de menneskene som bor her slik at de blir enda bedre i stand til å skape et godt og bærekraftig samfunn. Utvikle, løfte og skape.

Vi er med på det lokale spleiselaget som gjør vår del av landet til ett av verdens beste steder å bo. Dette er viktig for oss. Vi trenger lokalsamfunn med varierte muligheter og fritidstilbud for at hvert enkelt menneske skal ha mulighet til å utvikle seg. Derfor samarbeider vi med mange lag og foreninger om gode formål innen idrett, kultur og oppvekst.

Gjennom generasjoner har SpareBank 1 SR-Bank bygget opp verdier som har bidratt til trivsel, vekst og ny verdiskaping. En av våre viktigste oppgaver er å bidra til et levende og sterkt lokalsamfunn. Dette krever lokalt engasjement fra mennesker.

Vi inviterer med dette lag/organisasjoner og enkeltpersoner fra Bokn til å søke midler til tiltak.

Prioriterte formål er :

Barn og unge

Oppvekstmiljø

Idrett

Friluftsliv

Samfunnssikkerhet

Kultur

Søknad sendes/leveres til:

SpareBank1 SR- Bank Bokn

v/May Jorunn Vatnaland

5561 Bokn

Søknadsfrist 15.januar 2013





KROVÅGEN HESTESENTER



Vi ønsker alle våre gode hestevenner og samarbeidspartnere
en **GLAD JUL**
og et spennende **NYTT ÅR!**

www.kro-hest.no



HÅRSMIA



Få ny sveis til jul!

Hodemassasje følger med denne julemnd.

En riktig **God jul** og et **Godt nytt år** ønskes til alle.

Om du vil ha time på salongen eller hjemme er det bare å ringe meg på tlf.

52 74 86 47
46 44 29 20

Julehilsen Mona

Frisørrommet på Boknatun
- i sentrum av Bokn -

Åpningstider:
tirsdag-fredag

Oddetallsuker:
kl. 09-16
Partallsuker:
fleksible
åpningstider

GOLDWELL
CLOSER TO STYLISH. CLOSER TO HAIR.

Har gavepakker til han og henne
Gavekort kan også fikses

Ha en fin forjulstid!

Hilsen fra
Anita

99 32 55 34
52 74 85 34

GOLDWELL
CLOSER TO STYLISH. CLOSER TO HAIR.

Div. tenester

DAGSENTERET

Ope kvar torsdag kl. 10.00 - 14.00
Treng du skyss, blir du henta på døra.

Nye brukarar blir spesielt ønska velkomne.

Påmelding på tlf. 93 09 39 98

Mariann Skjelde - aktivtør



NAV BOKN

Kundesenteret: tlf. 55 55 33 33

Unn A. Mustaparta - leiar

SERVICETORGET

Tlf.: 52 75 25 00 kvar dag 08.30- 15.00

Me kan t.d. hjelpa deg med:

- generell informasjon om ulike tenester
- kontakt med rett saksbehandler i kommunen
- utdeling av skjema
- utleige av kommunale lokaler, eksl. bustader
- informasjon om utval, møter og dokumenter
- endring av skattekort
- utfylling og innlevering av flytteskjema
- innlevering av selvangivelser og kontakt med likningskontoret
- bustøtte - Husbanken
- økonomisk gjeldsrådgivning
- innsyn i kommunens dokumenter/arkiver
- sal av bygdebøker, boknaspennå, krus, m.m.
- kopiering

Direkte nr.: 52 75 25 10 - 52 75 25 11

E-post: post@bokn.kommune.no

BOKN TANNKLINIKK

Kontortid **tysdagar kl. 08.30 - 15.10**
Tlf. 52 75 25 80

Timebestilling kan også gjerast via Tysvær tannklinikk, tlf. 52 75 45 20

Tannlege Ingjerd Hope Myklebust

LANDBRUKSKONTORET

Kontordag kvar torsdag på Boknatun kl. 08.00 - 12.00

Direktenummer: 52 75 25 11

Avtale etter kl 12 må gjerast særskilt.

Bjørn Bruaset: 52 75 71 75
Emilie Moi Eikje: 52 75 77 69

HELSEMASSASJE

Måndagar på dagtid, Boknatun 2. etasje
(ev. kveldstid etter avtale)

Timebestilling alle dagar utanom måndag.

Ingunn Are - tlf. 90 24 90 57

Bokn legevakt: 52 74 85 22

BOKN LEGEKONTOR

Kvar tysdag og fredag samt onsdagar i partallsveker.
Opningstider 08 - 15.30.
Telefontider 08-11 og 13-14.
Telefon 52 75 25 40.

Ved behov for øyeblikkeleg hjelp, ring Bokn Legevakt 52 74 85 22 (heile døgnet).

Ved livstruande tilstand, ring 113.

Timebestilling på internett eller SMS, sjå www.bokn.no for meir info.

Jan Schille - lege

PSYKISK HELSETENESTE

Kontortid mellom kl. 08.00 - 14.00 alle dagar, torsdag ope til kl 15.30.

Direktenr.: 52 75 25 36
Mobilnummer: 40 41 05 70

(me er lettast å få tak i på mobil)

EP: grethe.e.heimvik@bokn.kommune.no
miriam.berland@bokn.kommune.no

HELSESØSTER

Helsestasjonen er open måndagar, tysdagar og onsdagar kl. 08.00 -15.30
Tlf: 52 75 25 43

Du kan ellers kontakta Henriette på mobil 46 93 69 65

Henriette S. Lindanger - helsesøster

JORDMORTENESTA

Jordmor vert å treffa på fysioterapirommet måndag i oddetallsveker.

Du kan kontakta jordmor Bodil på tlf. 40 41 12 61

Timebestilling: Ta kontakt på helsestasjonen!

Bodil Ljones Auestad - jordmor

BOKN FYSIOTERAPI

Onsdag og torsdag kvar veke

Tysdag - onsdag - torsdag kvar tredje veke - tlf. 52 75 25 33 - 91 61 23 91

Ta kontakt for avtale.

Smerter i muskler og ledd? Ta direkte kontakt.

Geir Austvik - fysioterapeut

BOKN FOTTERAPI

Onsdag kl. 08.15 - 12.30
Torsdag kl. 08.15 - 14.00

Timebestilling tlf. 99 70 74 28

Rita Bokneberg - fotterapeut

Sommar heilt til november

Ina V.Tangen

I år har me i fjerde klasse hatt sommar heilt til november. Me har nemleg strikka og laga 42 sommarfuglar som sette seg på tavla vår.

Me har vore veldig flinke, det har også dei eldre damene som har hjelpt oss og vore. Tenk at det ikkje var alle av dei heller som viste korleis ein skulle lage sommarfuglar. Så alle lærte noko nytt denne hausten. Det har vore kjempekjekt.

Jentene synest at gutane har vore flinke og gutane synest at jentene har vore flinke. Nokre av elevane ville gjerne lage fleire sommarfuglar. Dei snille damene som hjelpte oss synest at vi var hyggelege og greie å jobbe saman med. Det var kjekt å høyre. Damene som har hjelpt oss heiter:



Ragna, Ragnhild, Liv, Wenche, Solveig og Elise Marie. Liv og Elise Marie var

ikkje til stades den siste dagen og var derfor ikkje med på biletet.

Kjekt på peparkake-Bokn

Så er tida inne for å tenka peparkaker og gjentakelse av suksessen frå i fjor. Alle som har lyst kan sjølv sagt vera med!

Fylgjande klassar kan ein delta i:

- Enkeltpersonar
- Par (foreldrepar, kjærestepar, vener, syskenpar)
- Familiar
- Grupper (skuleklasse, syklubb, motorklubb etc)

Me lagar peparkakebygd og stiller dei ut i servicetorget!

Alt kan lagast:

Eige hus, andre sitt hus, fantasihus, Boknabrua, traktor, gravemaskin, fyrlykt, kyrkja, fleirbrukshall, naust, fiskebåt, utkikkskikkert, ferja, brannstasjon..

Me utfordrar alle ingeniørspirer, kunstnarspirer, handtverkarspirer, idemakrar etc. til å vera med å lage ein formidabel førjulstemning i servicetorget. Få pepparkakelukta til å legga seg over Bokn i førjulstida.

Kunstverka kan leverast i servicetorget til og med 14. desember. Det blir premiering av beste/mest kreative bakverk.



Juryen er ikkje klar enno. Dette vil koma på bokn.no - følg med!

Alle bakverk som blir leverte inn kan hentast i servicetorget 21. desember.

Dei bakverka som blir gitt til kommunen vert gjenstand for peparkakehusknusedagen som i år vert lille julaften. Så... våkn opp alle Pepperkake"kjekt-på-Bokn"-bakarar... no er tida inne for å baka pepparkakebygda-bakverk!

Helsing Peparkakevokterane i servicetorget